

1    **Forslag til uttale frå Vestland Arbeidarparti**

2

3    Følgjande forslag til årsmøtet vart vedteke oversendt til behandling på  
4    representantskapet 4. mai:  
5    192, 193, 195, 196, 198, 201, 202, 203, 204, 207, 215, 216, 217, 221, 222, 224, 228, 231, 232,  
6    233, 234, 240, 241, 242, 243, 246, 248, 249, 251, 252, 253

7    **Innkomande forslag til representantskapet 04.mai 2024**

8    Det kom inn 12 nye høyringsinnspel. I desse ligg det og konkretet forslag til NTP. Fleire av  
9    forslaga er ivaretatt i dei forslaga som er kome inn frå årsmøtet. Mange av forslaga er ein  
10   styrking av foreslått politikk i framlagt NTP.

11   Følgjande forslag til årsmøtet vart vedteke oversendt til fylkestingsgruppa:  
12   199, 200, 205, 206, 208, 209, 210, 211, 212, 213, 214, 218, 219, 220, 223, 227, 229, 230, 235,  
13   236, 237, 238, 239, 244, 245, 247, 250

14   Følgjande forslag til årsmøtet vart vedteke oversendt stortingsgruppa  
15   194, 197, 216

16

17   **Uttale: Ein NTP for Vestland**

18   Regjeringa Støre har lagt fram meldinga om Nasjonal transportplan 2025–2036 med  
19   merksemrd på klima, beredskap og forsvar. Den nye NTP skal vere realistisk og utforma  
20   innanfor ramma av eit statsbudsjett, nasjonale klima- og miljømål samt internasjonale  
21   plikter.

22   Meldinga blir lagt fram eit år tidlegare enn vanleg praksis tilseier og avløyser Meld. St. 20  
23   (2020–2021) Nasjonal transportplan 2022–2033 med ein langsiktig og strategisk styring av  
24   sektoren. Vestland Ap stø regjeringa for å ha framskynda handsaminga av ny NTP i lys av den  
25   økonomiske situasjonen og manglande realisme i gjeldande NTP.

26   Vestland Arbeiderparti behandla på årsmøtet 2023 ei uttale, som var førande for VAP sine  
27   innspel til regjeringa sitt arbeid med NTP. Vestland Ap sine overordna prioriteringar for  
28   samferdselspolitikken var:

- 29     • Å prioritere liv og helse  
30     • Å sikre gode, trygge og framkommelege vegar  
31     • Å kutte utslepp for å løysa klimakrisa  
32     • Å utvikla attraktive busetjings- og arbeidsmarknadsregionar som sikrar  
33       konkurransekrafta i Vestland

34   Vestland Arbeiderparti meiner at heilskapen i regjeringa si framlagde NTP i hovudsak er i  
35   tråd med dei innspela som fylkeslaget hadde til regjeringa under utforminga av den nye

36 NTPen. Vestland Ap er nøgde med mange av prioriteringane i framlagt NTP og synest det er  
37 positivt at regjeringa satsar på Vestlandet.

38 Den nye NTPen er lagt fram i ein uroleg tid. Uro i verda og krig i Europa krev auka merksemد  
39 på beredskap og forsvar. Vestland Ap meiner at Vestlandet er viktig i Noregs beredskap og  
40 forsvar, og vil understreka at fleire av prosjekta i Vestland også bidreg til landets totale  
41 beredskap.

42 Vestland Ap er positive til at regjeringa har løfta fram sentrale vurderingskriterier som  
43 omsynet til liv og helse, klima og miljø, og for prioritering av vedlikehald og utbetring av  
44 eksisterande vegnett. Gode, trygge og framkommelege vegar er avgjerande for at Vestland  
45 skal vere attraktivt for både busetnad og næring.

46 **Kvardagsvegar med vedlikehald og rassikring**

47 Vestland er eit stort og vegrikt fylke. Vegane som slyngjer seg langs fjordane er  
48 kvardagsvegar for mange av innbyggjarane våre. Samferdsel i Vestland handlar for dei fleste  
49 om å rusta opp, utbетra og trygga vegar som er heilt avgjerande for at folk skal kunne leve,  
50 arbeide og bu i heile fylket vårt. Dei fleste av desse vegane er fylkesvegar, og mange av desse  
51 er skulevegar. Regjeringa legg i den nye NTPen opp til å bruka 65 milliardar på fylkesvegane,  
52 ei auke på 16 milliardar samanlikna med om nivået i 2024 vart vidareført gjennom  
53 planperioden. Vestland Fylkeskommune får 7,6 milliardar i første seksårsperiode til sine  
54 fylkesvegar.

55 Vestland Arbeiderparti meiner at den framlagde NTPen startar arbeidet med å vri  
56 prioriteringane mot meir vedlikehald og istandsetjing av eksisterande vegar og infrastruktur,  
57 samt å gi fylkeskommunane auka handlingsrom til å kunne trygga og sikra kvardagsvegar i  
58 fylket mot skred og ras. Fleire riksveg- og europaveistrekningar får også midlar til utbetring  
59 og ras- og skredsikring. Blant desse er E16 Hylland-Slæn, Rv. 5 Erdal-Naustdal, Rv. 15  
60 Strynefjell, E39 Klakegg–Byrkjelo. Samstundes meiner Vestland Arbeidarparti at det ikkje er  
61 sett av nok midlar i NTP til rassikring av fylkesvegar. For å sikra trygge og føreseielege skule-  
62 og arbeidsvegar i rasutsette område, meiner Vestland Arbeidarparti at løyvingane til  
63 rassikring av fylkesvegane må aukast betrakteleg i forhold til framlagt NTP. Vestland  
64 Arbeidarparti oppmodar difor regjeringa til å dobla dei årlege bevillingane til rassikring av  
65 fylkesvegane i NTP.

66 At den nye, realistiske NTPen legg opp til ein auka satsing på kvardagsveiane er positivt, men  
67 Vestland Arbeidarparti meiner likevel at det er rom for ein endå tydelegare prioritering av  
68 dei heilt vanlege vegane. Folk skal vere trygge på at vegane dei brukar for å leve livet sitt skal  
69 vere trygge og opne. Ein ytterlegare satsing og prioritering av midlar til utbetring,  
70 vedlikehald og ras- og skredsikring av fylkesvegar er naudsynt.

71 **Jernbane**

72 Vestland Arbeidarparti vil satse på jernbanen, flytte meir gods frå veg til bane og bygge ut  
73 ein framtidsretta og konkurransedyktig Bergensbane. Regjeringa må følgje opp  
74 Hurdalsplattforma si lovnad om å stanse oppsplitting, konkurranseutsetting og privatisering

75 av jernbanen. Vedlikehald og nye togsett blir prioriterte, slik at jernbanen si  
76 konkurransekraft vert styrka.

## 77 **Ferje og hurtigbåt**

78 Ferje og hurtigbåt er ein avgjerande del av samferdselstilbodet i store delar av Vestland. Eit  
79 tenleg, rimeleg og miljøvennlig ferje- og hurtigbåttilbod som dekkjer behova til folk og  
80 næringsliv er difor nødvendig for å sikre livskraftige lokalsamfunn.

81 Vestland fylkeskommune driftar heile 17 ferjesamband og 10 båtruter der dei fleste  
82 kontraktane går ut dei komande åra. Med varsle krav om forsering av forskrift til nullutslepp  
83 for ferjer og hurtigbåtar, er det også stor usikkerheit om korleis kompensasjonsordninga for  
84 nullutslepp vil slå ut. Fylkeskommunane har allereie pressa økonomi. For å sikra at  
85 overgangen til null- og lav-utslepp ikkje skal gå ut over rutetilboda i distrikta, eller  
86 overgangen til klimavennlig sjøtransport må det kome på plass ei kompensasjonsordning  
87 innan 2025, der fylkeskommunane vert kompensert for meirkostnadane knytt til innføring av  
88 null- og lav-utsleppsrouter.

## 89 **Fly**

90 Kortbanenettet for fly er ein viktig og nødvendig del av beredskapen og kollektivtilbodet i  
91 distriktet. Eit godt og framtidsretta flytilbod må sikrast gjennom at dei fem  
92 kortbaneflyplassane i fylket vert del av staten si flykjøpsordning (FOT).

93

## 94 **Konkrete prosjekt**

### 95 **Bybane til Åsane**

96 Vestland Arbeidarparti er tilfreds med at Bybanen til Åsane ligg inne i Nasjonal  
97 transportplan, og med at regjeringa har forplikta seg til eit årleg statleg bidrag på 70 prosent.  
98 Samstundes er vi skuffa over at dagens byråd i Bergen held fast ved si avgjerd om å utrede  
99 tunnelalternativet på nytt, noko som gjer at bybanen nordover blir sett på vent.

100 Vårt mål er raskast mogleg byggestart for Åsanebanen. Vestland fylkeskommune har  
101 understreka behovet for å sikra kontinuerleg utbygging ved å byrje bygginga med strekninga  
102 Eidsvåg-Åsane. Sjølv om framdrifta i utbygginga ikkje blir så stor som vi ønskjer, stiller  
103 Vestland Arbeidarparti seg positiv til ein slik løysing. Arbeidarpartiet støttar fylkeskommunen  
104 sine planar for kontinuerleg utbygging og meiner Stortinget må leggje til rette for bruk av  
105 lokale midlar i ein tidleg byggefase av byggetrinn 5, fram til statens bidrag er endeleg avklart.

### 106 **Fellesprosjektet E16 Arna–Stanghelle/Vossebanen**

107 Vestland Arbeidarparti støttar at fellesprosjektet E16 Arna–Stanghelle/Vossebanen vert  
108 prioritert i NTP. Det er viktig no at dette prosjektet vert følgd opp i stortingsbehandlinga og  
109 at prosjektet vert sett i gong så snart som overhovud mogleg.

110 Prosjektet vil bidra til ei tryggare og betre forbindelse mellom landets to største byregionar.  
111 Dagens veg er smal og svært rasutsatt. Sjølv om det er gjennomført ein rekke  
112 rasførebyggande tiltak, aukar faren for ras. Over 50 menneske har mist livet på strekninga  
113 sidan 1992 og nærmere tusen er blitt skadde. Vegen blir stadig stengd som følgje av ras og  
114 trafikkulukker, og omkjøringsvegen på gamle riksveg 7 er eit svært sårbart alternativ. Å  
115 prioritere E16 Arna–Stanghelle/Vossebanen er å setje liv og helse først.

#### 116 **Vågsbotn-Klauvaneset (Nordhordlandstunnelen)**

117 Vestland Arbeidarparti er glade for at utbygging av Ringveg aust Vågsbotn–Klauvaneset er  
118 løfta høgt, med lovnader om oppstart så snart som mogleg. Det er likevel skapt usikkerheit  
119 rundt oppstartstidspunkt. Stortingsgruppa bør få inn ei merknad om at prosjektet skal få  
120 oppstart så snart reguleringsplanen er vedteken, og då tidleg i første periode.

121 Utbygging av Ringveg aust Vågsbotn–Klauvaneset (Nordhordlandstunnelen) vil gje auka  
122 trafikksikkerheit og framkommelegheit og bidra til å binde saman Bergen og Nordhordland.  
123 Nordhordlandstunnelen langs E39 er mange år på overtid. I 40 år har lokalbefolkinga årleg  
124 aksjonert for tryggare veg. Vegstrekninga, med därleg vegstandard og under seks meter  
125 breidde, binder saman store næringsområde til Bergen og Vestlandet. Sterk trafikk og  
126 tungtrafikk, med ca. 25.000 bilar i døgnet, er mykje meir enn vegen er dimensjonert for.

127 Bergensregionen har god forbindelse sørover. Det nye Sotrasambandet vil gi betre trafikkflyt  
128 mot vest, og fellesprosjektet E16/Bergensbanen vil forsterke busetjings- og  
129 arbeidsmarknadsregionen mot aust. Nordhordlandstunnelen vil forbetre forbindelsen mot  
130 Åsane Nord og Nordhordland, som også er blant dei mest trafikkerte delane av  
131 kyststamvegen E39.

#### 132 **Oppgradering av Fløyfjellstunnelen nord og sør**

133 Vestland Arbeiderparti ser det som svært positivt at regjeringa har inkludert  
134 Fløyfjellstunnelen i den første planperioden, og at NTP er så tydeleg med å garantere  
135 statlege midlar til bybanen til Åsane. Vestland Arbeiderparti støttar Statens Vegvesen sin  
136 anbefaling om ein ekstra tunnel og at oppgraderinga blir eit fellesprosjekt med forlenginga til  
137 Eidsvåg. Sjølv om dette forslaget heng saman med val av trasé for bybanen til Åsane, meiner  
138 vi at oppgraderinga av Fløyfjellstunnelen med ein ny tunnel må starte opp snarast for å sikre  
139 beredskap og trafikkavvikling i Bergen.

#### 140 **Riksveg 13**

141 Riksveg 13 har därleg standard og har fleire parti med svært smal, rasutsatt og svingete veg.  
142 Riksveg 13 er viktig i samanknytinga mellom Sogndal, indre delar av Vestland og Rogaland,  
143 og er indre stamveg. Vestland Arbeidarparti meiner liv og helse må prioriterast og at det  
144 derfor må løvvast auka midlar til rassikring og standardheving av riksveg 13.

#### 145 **Vikafjellstunnelen**

146 Det er viktig å få prosjektet med ny tunnel gjennom Vikafjellet i gang. VAP meiner at  
147 stortinget må overføre deler av strekninga på Rv.13 frå Nye Veier til Statens Vegvesen. Dette

148 gjeld 100 km med veg fra Vinje til Sogndal, noko som reduserer Nye Veier sitt ansvar på  
149 RV.13 frå 222 km til 122 km. Statens vegvesen må prosjektere og planlegge ny  
150 Vikafjellstunnel ferdig i første planperiode, samt oppgradere eksisterande veg på heile  
151 strekninga Vinje til Sogndal slik at denne er i stand til å kunne ta imot aukande trafikk i den  
152 perioden Lærdalstunnelen skal stengjast grunna vedlikehald som følgje av tunnelforskrifta.

153 **E-39 forbi Vadheim**

154 Vestland Arbeidarparti ønskjer å løfte fram nokre prosjekt som bør inn att i NTP.  
155 Stamvegutvalet for E39 har som mål å få gul midtstripe frå gamle Hordaland grense til Skei i  
156 Sunnfjord. Nokre parcellar står att, blant anna strekninga forbi Vadheim. Ei utbetring av  
157 denne farlege vegstrekninga, samt ny tunnel ved Vadheim må på plass i NTP som neste  
158 prosjekt etter Hafstadfjelltunnelen. Regulariseringssplan for området er klar, og kostnadsramma  
159 er justert ned med 200 millionar kroner.

160 **Konklusjon**

161 **Vestland Arbeidarparti støttar i hovudsak regjeringa si framlagte NTP for prosjekta i  
162 Vestland, men har følgjande innspel til Arbeidarpartiet si stortingsgruppe sin vidare  
163 behandling:**

- 164 • Skred- og rassikring av fylkesvegane må styrkast ytterlegare.
- 165 • Det vert innført FOT-ruter også på strekninga Florø-Bergen
- 166 • Legge til rette for at utbygging av bybanen til Åsane kan halde fram, til dømes i tråd  
167 med forslag til løysing frå Vestland fylkeskommune.
- 168 • Arbeidet med K5 må halde høgt tempo, og bompengeproposisjon for prosjektet må  
169 leggjast fram for Stortinget i løpet av 2025.
- 170 • Prosjektet Vågsbotn-Klauvaneset sikrast oppstart så snart regulariseringssplan er ferdig  
171 vedteken.
- 172 • Oppgradering av Fløyfjellstunnelen sikrast uavhengig av progresjon i utbygging av  
173 bybanen.
- 174 • Sikre ein opprusta og ferjefri E39 med gode kopplingar til andre område i fylket.
- 175 • Det vert innført ei kompensasjonsordning frå og med 2025, der fylkeskommunane  
176 vert kompensert for meirkostnadar knytt til krav om null- og lav-utslepp for  
177 sjøtransport.
- 178 • Overføre strekninga Vinje-Sogndal på Rv. 13 frå Nye Vegar til Statens vegvesen.